

Tidslinje for evaluering av HAFS Utvikling A/S

Desember -16:

Kommunane ber om eigarmøte i Lutelandet Utvikling A/S.

Dette kom som ei oppfølging av at formannskapet i Hyllestad har bede om ei evaluering av selskapet.

24. januar -17:

Eigarmøte med alle eigarane til stades gjorde følgjande vedtak:

Kvar HAFS-kommune er for liten til å ha eit eige robust næringsselskap. Difor er ideen om eit regionalt næringsutviklingsselskap god. Ein ser likevel at det er behov for å få satsinga inn i ei betre retning for å nå intensionane som ein hadde med å etablere selskapet. For å komme vidare med dette arbeidet må det:

- gjennomførast ei evaluering av alle sider av selskapet.
- det er behov for eksternt bidrag til evaluatingsprosessen
- resultat av evalueringa vert grunnlag for vegen vidare.

Styreleiar i Lutelandet Utvikling A/S vert beden om å formidle vedtaket vidare til styreleiar HAFS Utvikling A/S.

9. februar -17:

Styremøte i HAFS Utvikling A/S med følgjande vedtak:

Sak 08/17 Evaluering av regionalt næringsutviklingsselskap

E-post frå styreleiar i Lutelandet Utvikling AS var utsendt i sakspapir ved innkalling.

Vedtak:

Styret tek orienteringa til etterretning.

Styret forutset at prosjektet ikkje påfører Hafsl Utvikling AS kostnader og tek fokus bort frå dagleg virke.

21. februar -17:

Styreleiar i LU mottek protokoll frå HU og sender vidare til ordførarar og rådmenn og ber om avklaring på vegen vidare. Samstemt tilbakemelding på at så lenge HU ikkje ønskjer å bidra, så ber ein LU gjennomføre evalueringa i tråd med vedtak på eigarmøte.

Mars -17:

Styreleiar går i dialog med BDO og skisse frå dei på gjennomføring av evaluering.

Møte mellom kommunane og LU 15.03. med følgjande konklusjon:

Ein diskuterte behov for evaluering av selskapet basert på innspel og erfaringar så langt.

Følgande samrøystes konklusjon og oppsummering vart gjort :

- Er det valt rett selskapsform og organisering av næringsarbeidet ?
- Har selskapet teke ei regional rolle ?

- *Skal 1.linetenesta for kommunane vere ein del av selskapet ?*
- *Kva forventar dei største bedriftene i regionen av HUAS og korleis tek ein i vare etablerarar*
- *Korlesi framstår leiinga i selskapet og har leiinga tillit i næringsliv og hos samarbeidspartnarar?*
- *Korleis vert dei økonomiske føresetnadane for selskapet framover (endra føresetnader i forhold til avtalen)*

Evaluering metode : Det skal brukast munnleg intervju og spørjeskjema.

Desse vert invitert med i evaluering prosessen: Næringsavd. i fylkeskommunen, IN, eigarkommunane v/ ordførar, rådmenn, andre næringsselskap og næringsorganisasjonar.

Arve innhentar tilbod med framdriftsplan frå BDO.

Målet er at evalueringa må vere ferdig innan utgang av juni mnd.

24. april-17:

Møte mellom styret i LU og BDO der BDO presenterte sitt opplegg.

Styret gjer følgjande vedtak:

Styret aksepterer tilbodet frå BDO og set i gong evaluering av HAFS Utvikling i tråd med ønskje frå eigarane.

12. mai-17:

Signert avtale med BDO. Evaluering rapport skal vere klar til 20. juni.

27. juni-17:

Styret i LU gjer følgjande vedtak:

Styret sluttar seg til framlegg frå styreleiar at offentleggjering og oppfølgjing av evaluering rapporten vert utsett til over sommaren.

9. august:

BDO presenterer rapporten til styret i LU.

24. august:

BDO presenterer rapporten til ordførarar og rådmenn i eigarkommunane

7. september:

Styreleiar i HU presenterer rapporten for dei dagleg leiar og dei tilsette i HU.

20. september:

BDO går gjennom rapporten med styret i HU og kjem med sine innspel til rapporten.

Desse vert sende vidare til styret i LU og ordførarar/rådmenn i eigarkommunane.

22. september:

Felles formannskapsmøte der BDO presenterer rapporten og formannskapa drøftar vegen vidare.

30. september:

Hyllestad kommune gjer vedtak om å sei opp avtalen om HAFS Utvikling A/S og ber styret i Lutelandet Utvikling A/S avvikle HU.

Solund (19.10), Fjaler (23.10) og fylkeskommunen (31.10) gjer liknande vedtak.

3. november

Ekstraordinær generalforsamling i HAFS Utvikling A/S der ein startar prosessen med avvikling av selskapet.